



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Møteinnkalling

Utvalg:	Verneområdestyret for SVR
Møtested:	Sølvarden Hotell & Feriesenter, Rysstad
Dato:	28.05.2024
Tidspunkt:	13:15

Eventuelt forfall må meldes snarest til en av verneområdeforvalterne. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.



Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 12/24	Godkjenning av innkalling og saksliste		
ST 13/24	Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar		
ST 14/24	Orienteringer		
ST 15/24	Referatsaker		
ST 16/24	Søknad om dispensasjon til arrangement for skuleklasser ved Håhellervatnet og Fossebu i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 36/1, Sirdal kommune - Sirdal Huskyfarm		2024/5678
ST 17/24	Uttale til sti-og løypeplan for Bygland kommune.		2021/193
ST 18/24	Søknad om bruk av helikopter for å legge ut gytegrus i bekkar i området Store Urevatn i Bykle kommune. Otteraaens Brugseierforening. Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde.		2023/5859
ST 19/24	Eventuelt		
RS 74/24	Innvilga søknad om dispensasjon til snøskutertransport til driftehytter i SVR landskapsvernområde, Bygland kommune - Pytten og Austre Kvihei beitelag v/ Tore Fuglestad		2024/2400
RS 75/24	Til uttalelse - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Åseral - detaljplan for miljø og landskap - forsterking av bru Voileva		2024/3194
RS 76/24	Innvilga søknad om dispensasjon til snøskutertransport til Vivassdalen og Solbu i SVR landskapsvernområde, gnr/bnr, 6/17 og 5/5, Åseral kommune - Brå Beite og sankeforening		2024/3083
RS 77/24	Innvilga		2024/3269
RS 78/24	Endring		2024/2781
RS 79/24	Innvilga - motorferdsel i SVR - Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Revidert løyve. Bygland 3/2 - Marit Taksdal.		2024/1837
RS 80/24	Innvilga søknad om bruk av snøscooter i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Eiriksvik. Langeid Driftehei. Ivar Dahl. Bygland kommune.		2024/372
RS 81/24	Innvilga søknad om helikoptertransport til Fidjastølen i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 63/3, Gjesdal kommune - Henning Furenes		2024/4022
RS 82/24	Innvilga søknad om bruk av snøscooter. Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Fv 450 Suleskard - Håhellervatn. Agder fylkeskommune.		2024/4055

RS 83/24	Innvilga søknad om bruk av snøscooter. Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Bergsøydevatnt. Brokke og Berg Fellesbeite. Valle kommune.	2024/4236
RS 84/24	Melding om vedtak - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Bygland 4/4 - Austre Langsvatn - tilbygg til båthus - Olav Morten Heggland	2023/5302
RS 85/24	Innvilga søknad om dispensasjon til bruk av drone til filmopptak ved Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr/228/1, Sandnes kommune - Jostein Viken	2024/4417
RS 86/24	Innvilga søknad om dispensasjon til snøskuter- og helikoptertransport til Hanselegå i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 6/13, Åseral kommune - Lars Falkenberg	2024/4194
RS 87/24	Innvilga søknad om bruk av snøscooter i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. 68/33 Bukkehallane. Petter Norenberg. Valle kommune.	2024/4522
RS 88/24	Innvilga søknad om bruk av snøscooter i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane Landskapsvernområde. 62/6 - 62/7. Tom Hidle. Valle kommune.	2024/2436
RS 89/24	Ny plassering av driftehytte ved Degevassbu	2023/1862
RS 90/24	Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Vasstøl og Skithol i Vormedalsheia labdskapsvernområde, gnr/bnr, 39/2, Hjelmeland kommune- Klarfrid Mæland	2024/5244
RS 91/24	Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Stakkstøl i Vormedalsheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 38/7, Hjelmeland kommune - Stian Mæland	2024/5243
RS 92/24	Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Hegnavatnet i Vormedalsheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 39/1, Hjelmeland kommune - Trond Rød	2024/5242
RS 93/24	Innvilga søknad. Landingsløyve for helikopter. Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Øyvassbu 4/24. Bygland kommune. Inger Skaunfeldt og Thomas Gleditsch	2024/1901
RS 94/24	Innvilga søknad om landingsløyve for helikopter. Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Grytdalen 2/27. Sirdal kommune. Øystein Hennig	2024/3324
RS 95/24	Innvilga søknad om dispensasjon til utplassering av basestasjon for sporingsbjøller for sau ved Midtre Brendeknuten i Vormedalsheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 39/2, Hhilmeland kommune - Stian Mæland	2024/5551

RS 96/24	Til uttale - offentlig ettersyn - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiene landskapsvernområde - Bykle - kommuneplanens samfunnsdel 2023 - 2034	2024/5394
RS 97/24	Til uttale - offentlig ettersyn - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Bykle - detaljplan for miljø og landskap - rehabilitering av dam Botsvatn - Otteraaens Brugseierforening	2024/4143
RS 98/24	Til uttale - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiene landskapsvernområde - Bykle 2/1 - 2/2 - 2/841 - 2/1350 - Nystøyl og Remestøyl - freding etter kulturminnelova	2024/3936
RS 99/24	Innvilga søknad om dispensasjon til innsamling av planter, moser, lav og sopp i Nordraheia naturreservat i Hjelmeland kommune - Dokkadeltaet nasjonale våtmarkssenter A/S	2024/5552
RS 100/24	Innvilga søknad om dispensasjon til snøskutertransport til fem driftehytter i SVR landskapsvernområde, gnr/bnr, 5/19, Bygland kommune - Pytten og Austre Kvihei beitelag v/ Tore Fuglestad	2024/2400
RS 101/24	Innvilga søknad om dispensasjon til snøskutertransport til Krokevatn i SVR landskapsvernområde, gnr/bnr, 2///, Åseral kommune - Grete Johanne Melsom	2024/2827
RS 102/24	Innvilga søknad om bruk av snøscooter i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. 48/3 Gjuvasslegå - Tarjei Haugen	2024/738
RS 103/24	Innvilga søknad om bruk av snøscooter i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiene landskapsvernområde. 1/7 Storhedder. Frode Kirkedam. Bykle kommune.	2024/2065
RS 104/24	Innvilga søknad om dispensasjon til snøskutertransport til Grunnetjønn i Frafjordheiane og SVR landskapsvernområder, gnr/bnr, 10/10, Sirdal kommune - Håvard Tjørhom	2024/3020
RS 105/24	Innvilga søknad om bruk av snøscooter i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiene landskapsvernområde. Storheddervatn. 1/7. Rhett Tønnesen	2024/3609
RS 106/24	Innvilga søknad om dispensasjon til snøskutertransport til Krokevasstølen i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 56/3, Suldal kommune - Lena Bråtveit	2024/3517
RS 107/24	Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Jensafet i Kvanndalen landskapsvernområde, gnr/bnr, 68/1, Suldal kommune - Erik Jordebrekk	2024/4021
RS 108/24	Delvis innvilga søknad om bruk av snøscooter og ATV med belte. Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Bykle 6/4 - 6/14. Jo Breivegen. Bykle kommune.	2024/2594
RS 109/24	Innvilga søknad om bruk av snøscooter i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde -	2024/3261

	Bygland 2/24 - Langeid - Vestre Krokevatni. Karen Elisabeth Hallandvik. Bygland kommune.	
RS 110/24	Innvilga søknad om bruk av snøscooter og ATV med belte. Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. 1/4 Inger Anne Sauro. Bykle kommune.	2024/2781
RS 111/24	Innvilga søknad om bruk av snøscooter i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiene landskapsvernområde - Valle 62/6 - 62/7. Tom Hidle. Valle kommune.	2024/2436
RS 112/24	Justering av dispensasjon til snøskutertransport til Sandvatn i SVR landskapsvernområde, gnr/bnr, 2/32, Åseral kommune - Alf Torfinn Skeie	2023/3012



Arkivsaksnummer: 2024/5678

Saksbehandlar: Alf Odden

Dato: 22.05.2024

Utval	Utvalsak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	16/24	28.05.2024

Søknad om dispensasjon til arrangement for skuleklasser ved Håhellervatnet og Fossebu i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 36/1, Sirdal kommune - Sirdal Huskyfarm

Vedlegg:

- 1 Søknad om tillatelse for skolearrangement ved Håhellervatn 2024

Forvaltar si innstilling

Annet lovverk


Verneområdestyret for SVR gir Sirdal Huskyfarm v/Odd Kvinnen løyve til å gjennomføre eit arrangement med for skuleklasser ved rasteplassen ved Håhellervatnet og ved Fossebu. Løyvet gjeld for 04.06.2024, eventuelt ein dag seinare på sommaren. Løyve omfattar og nødvendig opprigging to dagar før arrangementet og nedrigging to dagar etter arrangementet. Øvre tal på deltakarar er sett til 120. Løyvet er gitt etter kapittel IV, punkt 4.1 i verneforskrifta for Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Løyve gjeld for område som er vist på kart i vedtaket.

Løyve er gitt med desse vilkåra:

- Alt av søppel og avfall frå arrangementet skal transporterast ut av verneområde leverast på godkjend mottak
- Lavvoane og aktivitetane under arrangementet på plasserast slik at ein unngår slitasje på terrenget

Som grunngjeving for løyvet legg verneområdestyret vekt på at arrangementet er lagt til eit område med mykje anna ferdsel og infrastruktur/inngrep, er av kort varigheit og ei tid på året der viltet er mindre sårbar for forstyrring. Det blir og lagt vekt på at arrangementet legg opp til å formidle verdifull kunnskap til skuleelevane i regionen.

Kart over område for arrangementet.



--- slutt på innstilling ---

Saksopplysninger

Bakgrunn for søknaden

Viser til søknad frå 21.05.2024 og tilsvarende dispensasjon gitt i AU-sak 11/23.

Sirdal Huskyfarm v/ Odd Kvinen søker om å få gjennomføre eit arrangement ved rasteplassen ved Håhellervatnet 0.06.2024. Arrangementet er for elevar frå skular i Bykle, Valle, Bygland, Sirdal, samt Outdoor College. Det vil delta om lag 80 elevar, og saman med lærarar og arrangementstab blir det om lag 100 deltakarar på arrangementet. Initiativtakar og hovudansvarleg er Sirdal Huskyfarm, men og Statskog, SVR, Sira-Kvina kraftselskap, Sirdal Fjellmuseum vil bidra på arrangementet. Føremålet med arrangementet er å formidle kunnskap om verneområdet til framtidas forvaltarar. Målsettinga er å utvikle dette til eit årleg arrangement for skulane i regionen.

Under arrangementet blir skuleelevarne delt i åtte grupper som skal rullere på ulike stasjonar. Tema og aktivitetar er mellom anna; Verneområdet og verneverdiar, bogeskyting, villrein og kraftproduksjon, Outdoor College, tradisjonell bruk av heiane, Statskog, hundekøyring, naturbasert næring.

Det er i all hovudsak Statskog og SKK som er grunneigar i området. Dei vil og delta i arrangementet.

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde frå 28.04.2000
- Forvaltningsplan for SVR, godkjent 2015
- Naturmangfoldloven

Hjemmelsgrunnlag

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet er etter kapittel III i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Av kap. 4.1 i verneforskrifta går det fram at arrangering av større organiserte arrangement som idrettsarrangement, jaktprøver, store teltleirar og militærøvingar, må søke forvaltningsstyresmakta om løyve til arrangementet. I denne saka er det tale om ein eit stort arrangement som utløysar krav om søknad.

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har forvaltningsmynde for Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde.

Vurdering

Vurdering etter naturmangfaldlova (NML)

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit. Forvaltningsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

Kunnskapsgrunnlaget (§8)

Kunnskapen om naturmangfaldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase (www.naturbase.no), samt frå NINA sine GPS-merkeprosjekt og www.dyreposisjoner.no. Ein har og nytta kartlegging gjennomført av Norsk Villreinsenter (NVS-rapport 6/210). Kunnskap om kulturminne i området støtter seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase (www.asketadden.no).

Gjennom vinteren i perioden vegen Brokke – Suleskard er stengd vert områda på både sider av vegen nytta av villreinen. Etter at vegen vert opna 20. mai og etter kvart som trafikken på vegen og ferdslø ut frå vegen tek seg opp, nyttar villreinen i hovudsak områda lenger nord for vegen. Dette kan og henge saman med mellom anna beitetilhøve og tilgang på høgareliggande areal med snøfenner. Nokre dyr, i første rekke mindre bukkeflokkar kan helde seg i områda sørover frå vegen.

Så langt forvaltningsstyresmakta kjenner til etter søk i Naturbase, er det ikkje registrert informasjon om prioriterte artar, trua eller nær trua artar på «Norsk rødliste» i området. Det er heller ikkje funne informasjon om utvalde naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på «Norsk rødliste for naturtypar». Det har heller ikkje kome fram andre opplysningar som tyder på at det finns slike arter og/eller naturtypar i det aktuelle området.

Ut frå omtalen ovanfor vurderer ein kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. § 9 («Føre var prinsippet») vert difor tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10 i NML).

Det er frå før mykje aktivitet i området knytt til ferdsel på og ut i frå vegen. Ved Håhellervatn ligg også ein rasteplass som i si tid vart etablert av SVR. Rosskreppfjorden er regulert og med tre større dammar i sør-enden. Fossebu er ei hytte eigd av Statskog, her er det også eit garasjeanlegg og nedkøyringsrampe for båtslepp.

Forvaltar legg til grunn at tilleggsbelastninga ved gjennomføringa av arrangementet i området vil ha liten til inga negativ innverknad på dyrelivet i området. Aktiviteten frå om lag 100 personar kan gi ein viss fare for slitasje på vegetasjon. Viktig at ein difor er medviten på dette ved plassering av lavoane og anna aktivitet. Når det er sagt så vurderer ein området til ikkje å vera særskilt sårbar i høve til dette.

Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar (§ 11 i NML) og Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12 i NML)

Arrangør er ansvarleg for at gjennomføring på ei miljømessig god måte. Det må leggst vekt på at plassering av lavvoar og annan aktivitet skjer på område der vegetasjonen toler ein del slitasje. Alt av søppel og avfall skal takast med etter avslutning.

Konklusjon

Arrangementet vil berre i liten grad ha negativ innverknad på verneverdiane i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde og kjem heller ikkje i konflikt med verneformålet. Det vert lagt vekt på at arrangementet er lagt til eit område med mykje anna infrastruktur/inngrep, er av kort varigheit og ei tid på året der viltet er mindre sårbar for forstyrring. Det blir og lagt vekt på at arrangementet legg opp til å formidle verdifull kunnskap til skuleelevane i regionen.



Søknad om tillatelse for skolearrangement ved Håhellervatn 4. juni 2024

Sirdal Huskyfarm, i samarbeid med Verneområde forvaltning, Sira Kvina kraftselskap, Statskog og Setesdals museet, vil også i år arrangere temadag for 9. klasse skoleelever fra Bykle, Valle, Bygland, Tonstad, Sinnes og Outdoor College (Tysk skole i Sirdal).

Dato er satt til 4. juni med fremmøte ved infosenteret på Hållervatn kl 10:00

Hensikt med arrangementet er å formidle kunnskap om verneverdier for skoleelever som har betydelig areal innenfor verneområdet i sine respektive kommuner.

Med vennlig hilsen

Odd Kvinen

Sirdal mai 2024



Arkivsaksnummer: 2021/193

Saksbehandlar: Jørn Trygve Haug

Dato: 21.05.2024

Utval	Utvalsak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	17/24	28.05.2024

Uttale til sti-og løypeplan for Bygland kommune.

Forvaltar si innstilling

Verneområdestyret syner til planforslag frå Bygland kommune dagsett 11.4.2024 *Plan for friluftslivet sine ferdselsårer*.

Gjeven arbeidsutvalet si uttale til oppstartsmeldinga, og føresetnaden for tilskot til planarbeidet gjennom verdiskapingsprosjektet, hadde verneområdestyret forventa at planen vart meir konkret i høve til å vurdere utfordringar og moglege tiltak knytt til eksisterande løypenett innafor vernegrensa. Verneområdestyret syner her til fokusområde SR 13 i delnorm 3 i klassifiseringa av dei ti nasjonale villreinområda. Det same gjeld eksisterande løypenett der dette går nær eit fåtal hekkelokalitetar for rovfugl.

Verneområdestyret vil oppmode kommunen til å ta føre seg desse problemstillingane før planen vert godkjend.

--- slutt på innstilling ---

Saksopplysninger

Sti- og løypeplan for Bygland kommune er no på høyring. Verneområdestyret er gjeven utsett høyringsfrist til 3. juni. Planforslaget er tilgjengeleg på kommunen si heimeside:

[Høyring: Plan for friluftslivet sine ferdselsårer - Bygland kommune](#)

Om innhaldet i planen

Planen er utforma som ein temaplan som skal vera retningsgivande for kommunal sakshandsaming. Planforslaget inneheld eit plankart og ein tekstdel. Tematisk er planen avgrensa til fotturar og skiløyper.

Delar av planområdet på vestheia i Bygland ligg innafor *Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernordning* der verneområdestyret har forvaltningsmynde. Det er ikkje føreslått nye tiltak eller ruter i dette området. Turistforeininga (DNT sør) sitt eksisterande løypenett er lagt inn i planen.

Etter kap. 4.5.5 i planen er det ønskeleg å kanalisere turgåarar og skiløparar vekk frå dei mest sårbare områda. Vidare er det ikkje ønskeleg å etablere nye trasear inn mot, eller i villreinen sitt leveområde, men det kan vera aktuelt å fjerne eller flytte stiar.

Turisthyttene Josephsbu, Gaukhei og Tjønndalsbu ligg alle i Bygland vesthei. Det går fram av planen at ferdsel i delar av løypenettet til desse hyttene til tider kan vera av eit slik omfang at villreinen held seg unna desse områda. Planen inneheld ikkje forslag om å endre på traseane, men det er synt til pågåande prosess knytt til kvalitetsnorm og tiltaksplanar for villrein.

I planprosessen har det vore drøfta med DNT sør å flytte Josephsbu th nærmare fjellgarden Pytten, men det er ikkje lagt inn konkret forslag om dette i planen.

Uttale til oppstartsmelding

Planarbeidet starta opp i 2021. Arbeidsutvalet i verneområdestyret uttala seg til oppstartsmeldinga i møte 8.2.2021 med følgjande uttale:

Arbeidsutvalet meiner det er veldig positivt at kommunen tar til med arbeidet med sti- og løypeplan. Arbeidsutvalet har følgjande innspel til planarbeidet:

- Besøksstrategien for SVR kap. 4.4.1 og 4.4.2 gir konkrete føringar for utarbeiding og innhald i sti- og løypeplanar. Arbeidsutvalet ber om at desse vert lagt til grunn for det vidare planarbeidet.
- Arbeidsutvalet ønskjer nærmare samarbeid med kommunen om utvikling av innfallsporten på Langeid i tråd med besøksstrategien for SVR
- Mykje av ferdsla inn i Bygland og verneområdet har utgangspunkt frå Bortelid og Ljosland i Åseral og Kvinen i Sirdal. Det er difor vesentleg at det er ein god samordning mellom kommunane om korleis ein styrar og kanalisere ferdsla i desse områda.
- Ei aktuell problemstilling er korleis villreinen vert påverka av menneskeleg ferdsel i områda Gaukhei – Josephsbu – Kvinen. Arbeidsutvalet ber om at spørsmålet vert vurdert i planarbeidet og om naudsynt vurderer aktuelle tiltak.

Arbeidsutvalet syner elles til saksutgreiinga i sin heilskap.

Vesentleg i dei nemnde kapitla i besøksstrategien (kap. 4.4.1 og 4.4.2) er at dei kommunale sti- og løypeplanane bør innehalde *ei vurdering av skadeverknadane av eksisterande løyper og ei vurdering av om nokon bør flyttast eller leggjast ned.*

Gjennom verdiskapingsprosjektet 2018 - 2022, der verneområdestyret var prosjekteigar, vart det løyva tilskot på kr. 100 000 til mellom anna Bygland kommune til utarbeiding av kommunale sti og løypeplan. Eit av vilkåra var at planen *dekka relevante problemstillingar knytt til styring og kanalisering av ferdsel. Dette med siktemål å redusere/unngå konflikt i høve til sårbare artar som villrein og rovfugl.*

Vurdering

Ut i frå innspela som vart gjeven i oppstarten, og kommunen si eigen beskriving slik det er attgjeven ovanfor, hadde det vore ønskeleg at planforslaget gjekk djupare inn i problemstillinga knytt til ferdsel i områda/aksen Gaukhei – Josephsbu – Kvinen. Området er særskild nemnd i delnorm 3 som er del av grunnlaget for klassifiseringa av dei ti nasjonale villreinområda. Der er det gjeven status som *fokusområde* SR 13 med mellom 50 – 90% reduksjon i villreintrekk (bukke) og arealbruk gjennom vinteren. Dette forklart med aukande

ferdsel ut i frå hytteområda på både sider av heia ([Delnormtresetesdalryfylke | Villrein](#)). I planforslaget er det i staden lagt opp til at problemstillinga i sin heilskap vert løfta ut til pågåande prosess med tiltaksplanar for villrein fjellet.

I høve til hekkelokalitetar av rovfugl er det jamfør sensitive artsdata eit fåtal av desse som ligg såpass nærme merka sommar og/eller vinterløyper at ferdsla kan ha ei negativ påverknad. I likskap med omtalen av villrein ovanfor hadde det vore ønskjeleg at kommunen også gjekk djupare inn i denne problemstillinga.

Gjeven dei omfattande og vanskelege prosessane som må til for å flytte eksisterande løypenett, og der det ofte påverkar vidare løypenett utanfor kommunen, er det forståeleg at kommunen ikkje har gått lengre i planforslaget enn det dei har gjort. Her spelar det nok også inn at innfallsportane til det nemnde løypenettet ikkje ligg i Bygland, men i nabokommunane Åseral, Valle og Sirdal. Einaste unntaket er ferdselsåra Langeid – Tjønndalsbu - Gaukhei, men dette er også av dei minst nytta.

Sti- og løypeplanar som ikkje i full breidde tek opp problemstillingar også ved eksisterande turistløypenett har lite føre seg. Planforslaget gir grunn for å spørje seg om kommunevise sti- og løypeplanar er egna verktøy til å styre og kanalisere ferdsla i verneområda (og villreinområda for øvrig), slik det er tilråda i besøksstrategien. Kanskje må ein heller vurdere å lage heilskapleg sti- og løypeplanar på tvers av administrative grenser. Ein slik prosess vil vera svært krevjande, men vil kunne sikre ei geografisk heilskapleg tilnærming. Arbeidet med revisjon av forvaltningsplanen for SVR kan vera eit høve til å gjere eit slik arbeid.



Arkivsaksnummer: 2023/5859

Saksbehandlar: Jørn Trygve Haug

Dato: 22.05.2024

Utval	Utvalsak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	18/24	28.05.2024

Søknad om bruk av helikopter for å legge ut gytegrus i bekkar i området Store Urevatn i Bykle kommune. Otteraaens Brugseierforening. Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde.

Vedlegg:

- 1 Soknadsskjema-for-motorisert-ferdsel-i-og-utanfor-verneomrada grusutlegg 2024

Forvaltar si innstilling

Med heimel i verneforskrifta for *Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde* kap. 4 pkt. 5.4 bokstav a, får Otteraaens Brugseierforening løyve til bruk av helikopter til frakt av gytegrus og kalkstein til kultivering av sju lokalitetar kring Store Urevatn i Bykle kommune. Løyvet gjeld også til frakt av naudsynt utstyr til å legge ut kalken og gytegrusen på lokalitetane.

Løyvet gjeld for inntil 42 landingar i perioden 1.6 – 16.8 eller i oktober månad 2024. Transporten skal gjennomførast på maksimalt to dagar for å avgrense perioden med forstyrring i området.

Vilkår for løyvet:

- Flyging skal skje etter kortaste rute mellom landingspunkta slik det går fram av kartet i vedtaket. For å redusere forstyrring av viltet skal det så langt som råd flygast minimum 300 meter over bakken mellom landingspunkta.
- Før flyging skal forvaltningssekretariatet kontaktast for oppdatert informasjon om det oppheld seg villrein nær dei aktuelle lokalitetane. I så fall skal flyginga utsettast.
- Om det vert registrert villrein langs flygeruta eller ved landingspunkta, skal flyging utsettast til det ikkje er fare for å uroe dyra.
- Tomme storsekkar skal fraktast ut av verneområdet så snart som råd etter utlegg.


Med heimel i verneforskrifta kap. 4 pkt. 5.1 bokstav c gir verneområdestyret avslag på den delen av søknaden som gjeld flyging i perioden med reinsjakt, dvs. 26.8 – 30.9.

Verneområdestyret legg vekt på at utlegg av gytegrus og kalkstein vil erstatte årleg utsetting av fisk med bruk av bil og båt inn i området. Tiltaket krev ein omfattande bruk av helikopter,

men forstyrning frå dette vil vera forbigåande og innafor ein kort periode ei tid på året då vilt og fugl er mindre sårbare for forstyrning. Vidare legg verneområdestyret vekt på at kultivering av vatna er del av konsesjonsvilkåra for vasskraftutbygginga i området.

I tråd med tidlegare praksis vert det ikkje gjeven løyve til flyging i perioden med reinsjakt. Dette for å unngå ekstra ei belastning for reinen i ein periode den alt er mykje uroa. Verneområdestyret syner her til forvaltningsplanen kap. 2.4.3 og avgjerse i klagesak 36/22.

Godkjend flygerute og landingspunkt:



For landing med helikopter vil det i mange høve også vera naudsynt med løyve etter *Lov om motorferdsel i utmark*. Søknad om dette må sendast kommunen.

Etter § 10 i *Lov om motorferdsel i utmark* kan grunneigar nekte landing på sin eigedom. Om du skal lande på andre sin eigedom oppmodar vi difor om at du hentar inn samtykke frå aktuelle grunneigarar.

For å legge ut gytegrus og kalkstein kan det vera naudsynt med løyve etter *Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag*. Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for å hente inn slikt løyve.

--- slutt på innstilling ---

Saksopplysninger

Otteraaens Brugseierforening (OB) har søkt om bruk av helikopter for å fly ut gytegrus/kalkstein i områda kring Store Urevatn i Bykle kommune (vedlegg 1). Konkret gjeld det bekkar ved Blåbergåskilen, Ratevatn, Skargjevatnet og Krokevatnet. Utgangspunktet for flyginga er pumpestasjonen ved Skargjevatnet dit det går bilveg.

Arbeidet er del av eit større restaureringstiltak i gytebekkar. Målet er å få fram ein aurestamme som gyt naturleg i/kring magasina. Det vil då ikkje lenger vera behov for å sette ut fisk slik det er gjeve pålegg om gjennom konsesjonen. Det går fram av søknaden at tiltaket er godkjend og tilråda av Statsforvaltaren i Agder.

Etter planen skal det flygast ut inntil trettiseks storsekkar med gytegrus/kalkstein til sju lokalitetar. For praktisk gjennomføring må det vera mannskap på bakken som syner kor kvar sekk skal settast ned. Sjølv utlegginga av grusen vil bli gjort på eit seinare tidspunkt utan bruk av helikopter. Tomme sekkar vil bli frakta ut av området.

Det er søkt om inntil 42 flygingar t/r. Etter planen skal flyginga gjennomførast innafor eit tidsrom på maksimalt to dagar. Grunna skiftane værtilhøve vert det søkt om flyging innafor periodane 1.6 – 16.8 eller 26.8 – 30.10 slik at det er opphald i starten av reinsjakt.

Arbeidsutvalet i verneområdestyret ga løyve til tilsvarande flyging i 2023. Grunna vanskelege værtilhøve, og at det opphaldt seg villrein i området, vart ikkje arbeidet gjennomført.

I løyvet for 2023 var flyginga avgrensa til perioden 31.7 – 11.8 eller i oktober månad. Altså ikkje i perioden med reinsjakt 20.8 – 30.9. For 2024 er det søkt om flyging også frå 26.8. Søkar har grunngjeven dette med at det er mykje som skal klaffe for gjennomføring og at det difor er naudsynt med noko utvida periode. Vesentleg her er at vassføringa i bekkane ikkje skal vera for høg, det må vera gode værtilhøve og det skal ikkje opphalde seg villrein i området. I 2023 kom det snø alt i oktober månad slik at det arbeidet vart vanskeleg. Gjennom mykje av hausten stod det også villrein i desse områda. Summen av restriksjonar i løyvet for 2023 gjorde at arbeidet ikkje vart gjennomført.

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000
- Naturmangfoldloven
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane frå 2015.

Heimelsgrunnlag

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet er etter kapittel III i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Etter verneforskrifta kap. 4 pkt. 5.1 bokstav c er start og landing med luftfarty forbode. Med landing gjeld også henting og frakt av gods og passasjerar sjølv om landing i fysisk forstand ikkje finn stad. Etter verneforskrifta kap. 4 pkt. 5.4 bokstav a kan det etter søknad gjevast løyve til helikoptertransport i samband med kalking.

Tidlegare praksis

Tidlegare har det blitt gjeven tilsvarande løyve til bruk av helikopter i samband med kalking i Valle vesthei. Då for inntil 40 transportar (delegert sak 45/19).

Som nemnd ovanfor vart det gjeven løyve til tilsvarande flyging i 2023 (AU sak 26/23).

I 2022 ga verneområdestyret avslag på søknad om flyging i Veringsdalen i perioden med reinsjakt (sak 36/22). Saka var til klageavgjerd i Miljødirektoratet der vedtaket vart oppretthalden.

Vurdering etter naturmangfaldlova

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggst til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit. Forvaltingsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.


Kunnskapsgrunnlaget (§8)

Kunnskapen om naturmangfaldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase (www.naturbase.no), GPS-merkeprosjekt og database for sensitive artsdata. Lokalitetane for kalking ligg i ein svært sentral del av villreinområdet som er viktige beiteområde gjennom store delar av året. Dette også stadfesta gjennom GPS-merkeprosjektet. Fleire av lokalitetane ligg også nær trekkpassasjer for villrein. Kartet nedanfor er henta frå naturbase og syner trekkkorridorar med grøn skravering. Kart med GPS-posisjonar for villrein er frå månadane juni – oktober i åra 2006 – 2020.

Trekpassasjer henta frå naturbase:



GPS-posisjonar villrein, Juni – oktober 2006 – 2020:



Når det gjeld andre artar er det ikkje registrert informasjon om prioriterte artar, truga eller nær truga artar jfr. «Norsk rødliste» som vert råka av tiltaket. Det er heller ikkje registrert informasjon om utvalde naturtypar, truga eller nær truga naturtypar i aktuelle området. Ut frå omtalen ovanfor vurderer ein kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. § 9 («Føre var prinsippet») vert likevel tillagt vekt i dei følgjande vurderingane.

Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10 i NML).

Det aktuelle området er frå tidlegare sterkt påverka av inngrep knytt til vassdragsreguleringa, med større vassmagasin som Store Urevatn, Reinevatn og Skarjevatn. Til Store Urevatn går det også ein anleggsveg frå Skarg i nordenden av Bossvatn. Bykle fjellstyre har sju av sine hytter kring Store Urevatn. Gjennom året er det ein god del ferdsel knytt til drift av vasskraftanlegga. Vinterstid har Bykle fjellstyre noko ferdsel med snøscooter til sine hytter. Med regulering av Store Urevatn forsvann fleire viktige trekkveggar for villrein i dette området. Eit viktig attverande trekk går over Uraråjuvet aust for Store Urevatn. Frå juli 2022 vart vegen til Store Urevatn stengd for allmenn motorisert ferdsel. Bakgrunnen for dette var at den omfattande ferdsla på vegen som bidrog til at dyra sjeldan trakk over vegen i tida denne var open. Ved å avgrense ferdsla på vegen håpar ein å auke trekkaktiviteten over vegen og vidare mot sør-vest.

Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar (§ 11 i NML) og Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12 i NML)

Som følgje av pålegg knytt til vasskraftkonsesjonane har det i mange over vore sett ut fisk i dei regulerte vatna. Grunna den låge pH-verdien (surt vatn) i vatna, og mangel på gode og tilgjengelege gytebekkar, har det likevel synt seg vanskeleg å få til ein sjølvrekrutterande aurestamme. Mykje av yngelen som har vore sett ut har difor dauda etter kort tid. Det synast såleis fornuftig at ein ser på alternativ til utsetting.

Utlekking av gytegrus/kalkstein krev ein omfattande bruk av helikopter med den støy og forstyrring dette fører med seg. Det skjer også i eit område der ein nettopp jobbar med å avgrense den motoriserte ferdsla inn til Sore Urevatn gjennom vegstenginga nemnd ovanfor. Ser ein isolert på helikoptertransporten ville det difor vore betre å halda på med utsetting i staden for massiv kalking og legging av gytegrus.

Det dreg i positiv retning at helikoptertransporten vil erstatte den årlege fiskeutsettinga med bruk av bil og båt i området. Transporten er også avgrensa til maksimalt to dagar og til ei tid på året då fugl og vilt er mindre sårbare for forstyrring. Vidare vil det høgst truleg vera mange år til neste gong ein vil trenge å transportere ut tilsvarande mengder.

Villrein som oppheld seg i området, og som ein i mange tilhøve ikkje har «kontroll på», vil bli forstyrra av den omfattande flyginga, sjølv om forstyrringa er av kort varigheit og forbigåande. Det bør uansett ikkje tillatast flyging i perioden med reinsjakt 20.8 – 30.9. Dette for å unngå ekstra ei belastning for reinen i ein periode den alt er mykje uroa av jakt. Forvaltar syner her til forvaltningsplanen kap. 2.4.3. Forvaltar syner også til sak i Veringsdalen attende i 2022, sak 36/22, der verneområdestyret nekta landing i perioden med reinsjakt. Saka var til klageavgjerd i Miljødirektoratet der verneområdestyret sitt vedtak vart oppretthalden. Til forskjell frå saka i Veringsdalen gjeld søknaden frå OB ei mykje meir omfattande flyging og i eit områda det er større sjanse for at det oppheld seg villrein.

Konklusjon

Det vert gjeven løyve til frakt av gytegrus/kalkstein. Det vert sett vilkår for transporten.

**FELLES SØKNADSSKJEMA FOR MOTORISERT FERDSEL I OG UTANFOR
VERNEOMRÅDA
I ROGALAND, AUST OG VEST AGDER FYLKE.**

Generelle opplysningar

Søkar.....[Otteraaens.Brugseierforening](#).....

Adresse.....[Setesdalsvegen 3455](#).....

Postnummer og stad[4748 Rysstad](#).....

Tlf.[92422119](#).....E-post.....aleksander.andersen@aenergi.no.....

Kva type transport er det du søkjar om? (sett kryss)

- ☒ helikopter
- ☐ snøskuter
- ☐ noko anna motorisert (kva?).....

☐ Søknaden gjeld **IKKJE** innan verneområde

Søknaden gjeld for følgjande verneområde? I såtilfelle sett kryss

- ☒ Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde
- ☐ Dyraheio landskapsvernområde
- ☐ Kvanndalen landskapsvernområde/Holmevassåno biotopvernområde
- ☐ Lusaheia landskapsvernområde
- ☐ Vormedalsheia landskapsvernområde
- ☐ Frafjordheiane landskapsvernområde
- ☐ Hovden landskapsvernområde
- ☐ Steinbuskardet- Hisdal biotopvernområde
- ☐ Holmevassåno biotopvernområde
- ☐ Vidmyr naturreservat
- ☐ Lislevatn naturreservat
- ☐ Ljosdådalen naturreservat

[Flere eiendommer, se kart.](#)

Søknaden gjeld gnr...../bnr..... i[Bykle](#).....kommune.

Er søker **hjemmelshaver** på eiendommen ☒ ja ☒ nei. Viss nei, må skriftlig leieavtale legges ved.

Ligg det føre andre løyver til motorferdsel på eiendommen?

[Gjennomføring av tiltakene er avklart med alle berørte grunneiere/ rettighetshavere. Tiltakene lokalisert til Bykle statsallmenning skjer i samarbeid med Bykle fjellstyre. Brugseierforeningen har gjennom konsesjoner generell tillatelse til motorisert ferdsel i utmark i forbindelse med drift og vedlikehold av sine anlegg.](#)

☒ skal det leigast inn ein anna person som skal utføra transporten for deg sett kryss og skriv
namn på transportøren.....[Fjellfly / Airlift](#).....

Gjeld søknaden for andre personar i næraste familie? Før i så fall opp namn og kva relasjon dei har til søker (det vert maksimalt gjeven løyve til eitt køyretøy pr. tildelt tur)

Formål

Utdjup formålet (tal transportar og periode, det kan maksimalt gjevast løyve for fire år med inntil 8 transporter pr. år med snøskuter (dette gjeld for verneområda og løyvet følger kommunestyreperioden)

Gjennomføring av restaureringstiltak i gytebekker. Målet med arbeidet er å skape naturlig rekrutterte ørretstammer i magasiner. Arbeidet er en del av brukseierforeningens oppfølging av naturforvaltningsvilkår i konsesjoner. Planene er utarbeidet etter ønske fra og godkjent av Statsforvalteren på Agder. Helikoptertransporten består i å fly ut opp til 36 storsekker med gytegrus/ kalkstein til 7 lokaliteter. Det er nødvendig å ha personell på bakken som anviser nøyaktig hvor hver sekk settes og det er ikke anledning til å fly hengende last og passasjerer samtidig. Det kan derfor være behov for opp til 42 t/r flygninger, inkludert transport mellom lokalitetene der grusen legges ut.

Transportstrekning (startpunkt og endepunkt, kart må leggest ved)

Se vedlagt kart.

Andre opplysningar

Helikoptertransporten planlegges å gjennomføres i i løpet av en, maksimalt to dager. Det er nødvendig å ha mulighet til å skyve på arbeidet om det skulle være villrein i området, bli dårlig vær ol. Vi søker derfor om gjennomføring innen for perioden 1. juni til 16. august, samt 26. august til 30. oktober 2024. Det er lagt inn et opphold i den viktigste dele av villreinjakta.

(Legg om nødvendig med fleire opplysningar og dokumentasjon)

Stad.....Dato.....

Underskrift.....

Søknaden skal sendast til den kommunen der transporten skal gjennomførast. Dersom transporten går gjennom fleire kommunar, er det nok å sende søknaden til ein av kommunane.

Søknaden vil først bli handsama av det regionale verneområdestyret etter verneforskrifta for det aktuelle området, Naturmangfaldlova og gjeldande forvaltingsplanar dersom slike er utarbeidde. Søknaden vil deretter bli handsama av den aktuelle kommunen etter Lov om motorferdsel i utmark og islagde vassdrag, kommunale retningslinjer og Naturmangfaldlova.

- **Søknadar må sendast inn seinast tre – 3 - veker før løyvet skal takast i bruk.**

www.svr.no

Søknad sendast direkte til kommunen landinga/køyringa skal finne sted.

Kommunen vil deretter sende søknaden til oss.